

Flinke kulturskuleelevar i Aktivitetshuset.

21.12.2017



Strykeorkester 3 imponerte stort under konserten.

Kulturskulen sin julekonsert som skulle vore i Rosendal onsdag, vart flytta til Uskedalen og Aktivitetshuset grunna vasslekkasjen i samfunnshuset. Det vart ein flott halvannan time med flinke born i sentrum. Vi fekk oppleve rundt 30 flotte og varierte innslag framført av rundt 20 grupper og einsskildelevar.



Flott dans av eldste dansegruppe der Anna Zofia og Kristiane var med.

Det starta og slutta med danseinnslag, først dei aller ferskaste og på slutten dei som hadde drive nokre år. Mellom dei var det mange flotte musikkinnslag der variasjonen i konserten var sikra ved at i overkant av 10 ulike instrument var i bruk. Det vart også skiftas mellom solistframføringar, duettar og større grupper.

Desse konsertane er også ein flott arena også for elevane. Her var dei samla frå dei som starta for berre få månader sidan til dei som har vore elevar i mange år. Alle har sine bidrag til publikum. Dei yngste dansarane sjarmerte publikum i senk medan gruppa som var komen lengst imponerte med bevegelse, presisjon og uttrykk til inspirasjon for dei yngre. Anna Zofia Fonn og Kristiane Skjelnes var blant dansarane i eldste gruppe. Alle dansarane har ein dyktig lærar i Koshi som bur i Ospelunden.

På musikk sida opplever vi det same. Det må vera god insprasjon i å oppleva dei som er komne lengst. Å bli god i musikk krev både tid og øving, og då er denne inspiarsjonen viktig. Det må vera motiverande for dei yngre strykarane å høyra Orkester 3 som var eit musikalsk høgdepunkt. Framføringane deira av Rumba og Gentle Mary, tender Mary var det klasse over. Saima K. L. Døssland og Anna E. S. Eik spela fiolin i dette orkester, og vanlegvis er også Nikolai Vågen med.



Sondre Klyve er blitt ein dyktig gitarist.

Sondre Klyve er ein annan uskedeling som byrjar å få ein del år bak seg i kulturskulen. Dei har har brukt godt. I låten **Little Wing** viste han at han har imponerande kontroll på elgitaren. I denne framføring vart han kompa av lærarane Ingvald(gitar), Kjell (bass) og Mauricio(trommer). Bak Sondre gror det godt i gitargjengen, og frå Uskedalen registrerte vi William S. Eik, Fredrik Simensen Haugland, Mathilda Valvatna Kristiansen og Patryk Krawiec.

Blant dei yngste var det kjekt å høyra at rekrutteringa til skulemusikken er god. Heile 7 i messinggruppa var her frå bygda, og dei var svært flinke etter så kort tid! Flotte framføringar av **Let's begin** og **Early Red Bird**. Desse 7 uskedelingane var i denne gruppa: Signe Karine Koløy, Anna Simone Enes, Katrine Øvstebø, Malene Myhre Olsen, Nelly Borgen Hermannsen, Ebba Hermann-Fossli og Torger Johan Koløy. Masse talent!! Med dyktige Linas som lærar hadde det no vore kjekt om fleire held fram som kulturskuleelevar også etter at dei er komne inn i korpset. Det var vanleg for nokre år sidan, og mange hadde stort utbyte av det.

Det var veldig kjekt å få ein slik flott kulturskulekonsert til Uskedalen. Amfiet i Aktivitetshuset var fullsett. Alle kom flott frå framføringane sine. Det er også beviset på at vi no har ein svært dyktig lærarstab i Kvinnherad kulturskule. Det set vi pris på, for dei er heilt avgjerande for kvaliteten på dette viktige tilbodet!



7 av dei 9 i den flinke messinggruppa kom frå Uskedalen.



Patryk Krawiec spela i gitargruppe med Sylwia Wojcik og Åshild Bjørnebøle som også song vakkert.



William S. Eik(næ rast) spela gitar saman med Sindre Sundal, Joakim Sundal, Oskar Rogala



Tora Helen Lande Eikeland, Eskil Hegland Kvernmo, Fredrik Simensen Haugland og Mathilda Valvatna-Kristiansen er ei flink gitargruppe som framførte *Away in a Manger* og *Cant help falling in love* saman med læreren sin Ingvald (Foto: Hilde Lande Eikeland)



Alle dansarane avslutta festen.

Tekst, foto og nett; Thor Inge Døssland.